# Aktivitetsplan 2010

| Dato | Arrangement | Komite |
|---|---|---|
| 17. mai | Nasjonaldag | Styret /musikkutval |
| 28. til 30. mai | Blåtur med speling | Johan, John Inge, Roar Ståle Erling |
| 12. juni | Opning Gravdal skule | Prosjektgruppa |
| 8. til 12. sep | Utanlandstur | Johan, John Inge, Roar Ståle Erling |
| 23. okt | Heim i haust | Styret |
| 24. okt | Basar | Styret |
| 5. til 7. nov | Øvingshelg | Styret |
| 19. des. | Julekonsert | Styret |
| 28. des | Juletrefest | Styret |
| 8. jan | Nyttårskonsert | Komite |
| 14. til 16. jan | Gruppeøviingshelg | Styret |
| 28. til 30. jan | Øvingshelg | Syret |
| 4. til 7. feb | NM-helg | Styret |

## Fekk NonStop-prisen for 2009

NonStop-prisen er ein høgthengande pris som går til den eller dei som møter på flst øvingar i ein sesong. I 2009 var det Eli Refvik og Alice Haus Wåge som fekk denne prisen. Begge har vore på samtlege øvingar.




BÅTBYGG AS
Canon
Kvalheim Kraft
Nordea

**Sudoku**

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 7 | | | 1 | 5 | 3 | 4 | 6 | 8 |
| 6 | | 8 | 7 | 4 | 2 | | | 1 |
| 5 | 4 | 1 | | 8 | 9 | 3 | 2 | 7 |
| | 2 | 4 | 9 | 3 | 1 | | 7 | 5 |
| | 6 | 9 | 2 | | 5 | 8 | 3 | |
| 3 | 7 | | 8 | 6 | 4 | 1 | 9 | |
| 4 | 5 | 6 | 3 | 2 | | 7 | 1 | 9 |
| 9 | | | 5 | 1 | 7 | 2 | | 6 |
| 2 | 1 | 7 | 4 | 9 | 6 | | | 3 |

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 3 | 7 | 4 | 6 | 9 | | | 1 | 8 |
| 9 | | 8 | 3 | 4 | 2 | 7 | 6 | 5 |
| | | 2 | 8 | 1 | 7 | | 4 | 9 |
| 7 | | 3 | 9 | | | 1 | 5 | 2 |
| | 6 | 9 | 4 | 2 | 1 | 8 | 7 | |
| 8 | 2 | 1 | | | 3 | 4 | | 6 |
| 4 | 3 | | 5 | 7 | 8 | 9 | | |
| 1 | 9 | 5 | 2 | 3 | 4 | 6 | | 7 |
| 2 | 8 | | | 6 | 9 | 5 | 3 | 4 |



TpM 90 år

# Vredens Gnag

TORSKANGERPOLL MUSIKKLAG

Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 4 | 17. årgang | Laussal: Gratis | April 2010

# Mykje spennande



**23. mars var det årsmøte i Torskangerpoll Mudsikklag. Johan Wåge, som forøvrig fyller 60 år onsdag 14. april, held fram som leiar. Inne i bladet kan du sjå kven som er med i styre og stell i korps-et. Det er også tid for å fornye abonnementet på Vredens Gnag som kostar 125 kroner i året.**

**www.torskangerpoll.no**

# Torskangerpoll Musikklag er 90 år i 2010

Etter årsmøtet 23. mars er det desse som styrer og har tillitsverv i Torskangerpoll Musikklag i 2010:

| | |
|---|---|
| Leiar: | Johan Wåge |
| Nestleiar: | Tor Åge Gravdal |
| Kasserer: | Eli Refvik |
| Sekretær: | John Inge Våge |
| Styremedlem: | Tove Nerland |
| 1. vara: | John Svarstad |
| 2. vara: | Laila Mykland |
| Dirigent: | Lisbeth Våge |
| Musikkutval: | Ola Refseth |
| | Anne Mari Knotten |
| | Johanne Velle |
| | Roar Ståle Vedvik |
| Uniformsforvaltar: | Eli Refvik |
| Instrumentforvalter: | Terje Våge |
| Noteforvaltar: | Harald Oppedal |
| Husansvarleg: | Harald Oppedal |
| Husnemnd: | Arne Øvrelid |
| Husnemnd: | Tor Åge Gravdal |
| Revisor: | Helge Oppedal |
| Revisor: | Alice Haus Wåge |
| Valnemnd: | Erling Wåge |
| Valnemnd: | Stine Kråkenes |
| Valnemnd: | Sondre Nerland |



## Tid for å fornye Vredens Gnag

Dersom du framleis vil ha dette bladet som kjem ut 8-10 gonger i året, så må du betale vedlagt giro på 125 kroner innan 15. mai. Samstundes er du med å støtte drifta av Torskangerpoll Musikklagog kulturlivet i Vågsøy. Du må hugse å skrive namn på giroen på kven du betalar for. Har du ikkje fått giro, eller vil betale så kontakt Eli: 90773013.

Kva med å spandere bladet på nokon du kjenner: John Inge Våge seier at han hadde aldri klart seg utan Vredens Gnag.

- Må bare ha det, seier han.







# Hissig tunfisk i matbutikkane

**Ein lyt vere forsiktig med kva ein puttar i munnen!**

Kosthaldsekspertar og matkyndige har lenge fortalt oss kor viktig det er å ete sunt og vere obs på kva vi et. No går faktisk også Euroshopper, som er lågprisvarene til ICA-butikkjeda, ut og åtvarar svoltne kundar. På deira hermetikkboksar med tunfisk finn vi denne alarmerande beskjeden: Tunfisk biter i vann.

Kvifor tunfisken blir så hissig i dette elementet veit ein ikkje.

- Om tunfisken blir ekstra agressiv når han er blitt hermetisert veit vi ikkje sikkert, men det kan absolutt vere ein moglegheit, uttalar leiar for Torskangerpoll Musikklag si Oslo-avdeling, Ane Barmen.

- Tunfisken, eller makrellstørje, som han også kallast, er elles ein kjekk og grei fisk. Rett nok kan han bli opp til tre meter lang og opptil 500 kg, men eg trur ikkje han brukar å angripe menneske.

VG har undersøkt korleis merkinga på hermetikken på dei andre tunfiskvarene til Euroshopper er, og dei er like urovekkjande; tunfisk bit også i gelè.

Ver altså forsiktig når du opnar din neste tunfiskboks!



*Ane ber folk vere forsiktige med tunfisken.*